

Referat frå årsmøtet til Møre og Romsdal Folkemusikklag - 2014

Stad: Rica Seilet Hotel, Molde.

Dato: 6.april 2014

Tid: klokka 11 00

Frammøtte representantar og gjester: 30 – sjå vedlagt namneliste

Gjestar: Arne Sølvsberg og Per Øyvind Tveiten, FolkOrg

Opning.

Leiaren, Leikny Aasen, ønskte velkommen og uttrykte glede over at så mange hadde møtt fram til årsmøtet.

1. Konstituering.

- a. Registrering av utsendingar med røyserett, namneliste sendt rundt i møtelyden for registrering av frammøtte med og utan røyserett
- b. Innkallinga godkjend
- c. Framlegget frå styret om sakliste vart omarbeidd og godkjent
- d. Val av møteleiar: Kirsty McKinnon vald og ho overtok møteleiinga
- e. Val av skrivar: Jon Tvinnereim vald
- f. Val av to til å skrive under protokollen: Hanne Moldver Salthammer og Andrine Longva.

2 Styret sitt framlegg til

a. Årsmelding.

Leiaren gjekk gjennom årsmeldinga, og den vart kommentert av fleire i møtelyden undervegs.

Vedtak:

Framlegget frå styret vart vedteke med dei endringane som kom fram under handsaminga.

b. Rekneskapen for 2012 og 2013

Leiaren informerte om rekneskapen for dei to åra og gjekk gjennom postane. Det vart ein del spørsmål og kommentarar til einskildpunkt.

Spesielt: Det vart stilt spørsmålsteikn om kor vidt det er heldig at MRFL eig instrument (deponert ved Folkemusikkarkivet i Volda). Styret får i oppdrag å utreie eit evt. sal av disse.

Vedtak:

Den framlagde rekneskapen for 2012, med eit underskot på kr 28.973,17 og rekneskapen for 2013, med eit underskot på kr 21.152,56 vart vedtekne.

c. Revisormelding

Rekneskapen for begge åra var gjennomgått og godkjend av Effekt Revisjon AS.

Vedtak:

Revisjonsmeldingane vart godkjende utan merknader.

3. Debatt – er fylkeslaget «liv laga»?

Innleiing av Arne Sølberg:

Arne Sølberg innleidde med å gje uttrykk for forundring over den harde tonen som han hadde merka i samtalar om MRFL. Han kjende ikkje dette att frå folkemusikkmiljøet i Sogn og Fjordane, og han meinte at denne "tonen" var uheldig for laget og folkemusikkaktiviteten i Møre og Romsdal.

Samtidig slo han fast at aktiviteten og det musikalske nivået i Møre og Romsdal slett ikkje står tilbake for nivået i Sogn og Fjordane.

I utvetydige ordelag sa han at det er svært mange viktige oppgåver som eit fylkeslag kan og må utføre, og som ikkje dei einskilde laga kan utføre. Sølberg lista opp ei rad med oppgåver som eit fylkeslag kan og bør ta seg av, og han åtvåra sterkt mot å leggje ned MRFL.

Sølberg sa og at han meiner det er viktig å halde seg til fylkesgrensene på dette området. Tidlegare fylkeskultursjef Lidvin Osland i Sogn og Fjordane understreka i si tid i fleire samanhengar at heldt ein seg til fylkesnivået, skulle det vanke pengar, elles ikkje. Dette prinsippet kan gjelde enno.

Innleiing av Per Øyvind Tveiten:

Per Øyvind Tveiten gav ros til Dagfinn Nupen for arbeidet hans med Folkemusikkbladet, og Dagfinn fekk velfortent applaus.

Per Øyvind viste til innlegg under kappleiken frå den nye fylkeskultursjefen i Møre og Romsdal som viste at fylkeskommunen er interesserte i til å stille opp for folkemusikklaget og for folkemusikk- og folkedans-aktiviteten i fylket. MRFL bør bruke dette innlegget for alt det er verd for å fremje aktiviteten i fylket.

Formelt er det ikkje høve til å melde seg ut av eit fylkeslag utan å melde seg ut av FolkOrg, slo Tveiten fast.

Han åtvåra sterkt mot å leggje ned folkemusikklaget i Møre og Romsdal, og peika på at det akkurat på denne tida ville vere særst uheldig, for spørsmålet om fylkeslaga vert no teke opp i FolkOrg.

Debatten:

I ein konstruktiv debatt etterpå kom det fleire gonger fram den generelle vurderinga at når noko ikkje fungerer, bør ein ikkje fjerne det, men få det i god funksjon.

Under debatten vart det sagt frå dei to laga som ville melde seg ut, at dei gjorde det fordi dei syntes det var dyrt i høve til det dei fekk av nytte. Noko misnøye kom det og fram med kommunikasjonen mellom laga og styret for MRFL. I alt vart det debattert i omlag to timar.

4. Forslag om å leggje ned Møre og Romsdal Folkemusikklag

Forslagsstillaren Hanne M. Salthammer tok ordet og sa at eit av føremåla med forslaget var å få fram ein debatt om fylkeslaget i Møre og Romsdal. Forslaget om nedlegging vart så trekt tilbake sidan debatten tyda på at forslaget ikkje kom til å få full oppslutnad.

5. Arbeidsprogram og budsjett for 2014

Arbeidsprogram.

Forslaget frå styret vart gjennomgått punkt for punkt av leiaren, og det vart gjort ein del endringar.

Ingen lag melde direkte interesse for å skipe til Fylkeskappleik 2015, men etter tidlegare orden er det eit lag på Sunnmøre sin tur til å stå som arrangør. Det vart heller ikkje fastsatt arrangør av Sjokoladekappleiken hausten 2014.

Vedtak:

Forslaget til arbeidsprogrammet for MRFL for 2015 frå styret vart vedteke med dei endringane som det var semje om under handsaminga. Styret får i oppdrag å finne arrangørar til førskommande Sjokoladekappleik og Fylkeskappleik.

Budsjett.

Leiaren orienterte.

Vedtak:

Budsjettet for MRFL for 2015 etter forslag frå styret vart vedteke med dei endringane som kom med under handsaminga. Budsjettert underskot for 2015: kr 2500.

6. Medlemskontingent for 2015

Leiaren argumenterte for å halde kontingenten uendra for komande år.

Vedtak:

Medlemskontingenten blir uendra i 2015: Kr 600 pr. lag, kr 60 for einskildmedlemmer og kr 15 for barn.

7. Folkemusikkbladet

Leiaren rosa Dagfinn Nupen for det langvarige og gode arbeidet han har gjort for bladet. Det var semje om at Folkemusikkbladet er eit svært godt tiltak som må førast vidare.

Men tida er mogen for å digitalisere bladet. Det er fleire grunnar til det. Ein av dei viktigaste er det økonomiske.

Vedtak:

Folkemusikk held fram som før med same redaksjon og produsent. Bladet blir frå neste nummer digitalisert, og 50-60 eksemplar blir i tillegg laga som papirutgåve.

Bladpengar: kr 0.

8. Val

Vedtak:

Styreleiar: For periode:
Leikny Aasen vald for 1 år

Styremedlemmer:
Runhild Heggem vald for 2 år
Hanne M. Salthammer vald for 1 år (erstattar Jon Tvinnereim)
May Grethe Gridseth ikkje på val
Guttorm Ulvund vald for 2 år

Varafolk til styret:
Anna Liv Gjendem vald for 1 år
Kine Iselilja Gyldenskog vald for 1 år

Valnemnd:
Kirsty McKinnon (leiar)
Mathilde Øverland
Jon Tvinnereim
Alle er vald for eitt år.

Revisorar:
Årsmøtet gav styret fullmakt til å finne revisorar for neste år.

Møtet var avslutta med blomsteroverrekking til dei styremedlemmane som gjekk ut av styret, Kirsty McKinnon og Jon Tvinnereim og til redaktøren av Folkemusikkbladet, Dagfinn Nupen. Innleiarane til debatten, Arne M. Sølvberg og Per Øyvind Tveiten hadde reist før møtet var slutt, og leiaren, Leikny Aasen, fekk difor dei siste blomsterbukettane med seg heim.

Møtet slutt ca. kl. 16:30

Referatet godkjent av:

Andrine Longva/ stad/dato

Hanne Moldver Salthammer/stad/dato